



Trygve Odd Kvalvåg
Kvalvågnesvegen 381
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12433 - 20/54879

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
04.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 85/16 Kvalvåg

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 85/16
Tiltakshavar: Trygve Odd Kvalvåg

Alver kommune har den 26.06.2020 motteke melding frå Norva2 AS om at det ved tømning den 23.06.2020 vart registrert at det manglar dykk utløp på septiktanken og at det i tillegg er lekkasje frå den. Når det manglar dykk utløp på septiktanken, er det fare for forureining ved at kloakken renn ut i sandfiltergrøfta og tetter denne, eller rett i sjøen, dersom avløpsrøret går dit eller rett ut i grunnen. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 04.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Trygve Odd Kvalvåg

Kvalvågenesvegen 381

5956

HUNDEVIN